



**VENSTRE**



**Program 2019-2023**

**Med optimisme  
for Stord.**



## Optimisme inn i eit nytt tiår

Stord Venstre sine representantar i kommunestyret vil arbeida ope og breidt for å bygga Stord med glød, optimisme og entusiasme.

Me ønskjer å nytta det kommande tiåret til å omstilla kommunen til ein berekraftig og miljøvenleg ambassadør i samfunnet. Me må ta vare på nærmiljøet våras og ta ansvar for vår eiga forureining. For Venstre er klima- og miljøsaka meir enn fine ord i valkampen. Me følgjer det opp i praktisk politikk også i kommunestyret.

Samstundes er vår ambisjon å skapa ein av landets fremste kommunar å veksa opp i. Ein kommune som set born og unge, og dei me har felles omsorg for først. Derfor vil me snu trenden til dagens raudgrøne koalisjon med å kutta i skule- og fritidstilbodet i kommunen.

Og me skal vere støttespelar i næringslivet sitt arbeid med den grøne omstillinga. Me skal stilla miljøkrav i våre innkjøp, og bistå dei i arbeidet med å få oppdrag og nysatsingar opp å gå.

Eg som ordførarkandidat og gruppeleiar for Venstre er på jobb for Stord. Når det kjem til institusjonar i vår region frontar eg desse alt eg kan. Me arbeidar for gode samferdsleløysingar og nytableringar her. Me vil halda fram med å gjera jobben opp mot sentrale og regionale styresmakter.

Våre verdiar er handfaste. Me meinat at kommunen skal tilrettelegga for at kvar og ein skal kunna skapa eit best mogeleg liv for seg sjølv. Kommunen skal bidra til frivilligheita, vere positiv i møte med ulike initiativ og aktivt arbeida med å inkludera nye innbyggjarar i kommunen.

Viktig oppi det heile er at me er lyttande. Me skal halda fram med å vere eit ope og tilgjengeleg lokallag. Du skal kunna snakka med oss.

Stem Venstre 9 september. Godt val!

# **Stord Venstres valprogram**

## **2019-2023**

---

### **Oppvekst**

---

- Stord skal bli ein av landets fremste oppvekstkommunar fram mot 2030.
- Tilbodet til born og unge skal ikkje reduserast.
- Satsa vidare på ordninga med vikarpool i barnehage og skule.
- Kommunen skal ta inn lærlingar, og ha lærlingar som krav i dei kontraktar ein kan.
- Utvida opningstida på fritidsklubbane, til å tettare følgja skuleåret.
- Me vil etablera ein ny fritidsklubb i tilknyting til Leirvik-Nordbygdo aksen.
- Tilby delar av Kulturskuletilbodet i bydelane, t.d. i kombinasjon med SFO.
- Oppretta eit fond for rehabilitering og vedlikehald av leikeplassar i kommunen der velforeningar mm kan søka om pengar til vedlikehald.
- Etablira ein Folkeverkstad, etter modell frå BUA, med gratis utleige av verktøy og utstyr i tillegg til tilgjengeleg verkstad/sløyd-område.
- Oppmoda til meir koding og programmering som tilbod til born og unge.
- Alle barn og ungdom skal ha rett til ein fritidsaktivitet gjennom aktivitetskortet.
- 100 nye elevplassar ved Kulturskulen.
- Folkehelse & barn og unge vert prioritert gjennom anleggsutvikling.

### **Barnehage**

- Ivareta god pedagogettleik og ein god barnehagestruktur for familiane.
- Nye barnehagar i Stord Kommune bør etablerast som friluftsbarnehagar, oppmoda private og ideelle om det same.
- Sikra at alle born får høve til å gå i barnehage.
- Tenka plassering av barnehagar i kombinasjon med andre institusjonar eller til dømes eldrebustadar.
- Kommunen skal søka å oppretta eit symjetilbod til barnehagane i samarbeid med symjeklubben og nå nasjonale mål om å auka andelen symjedyktige.
- Alle tilsette i skule- og barnehage skal få kompetanse på avdekking av omsorgssvikt og seksuelle overgrep. Planar og ressursar skal vere kjente og tilgjengelege for alle.
- Alle skulekrinsar skal ha barnehage. Nærbarnehage som prinsipp i kommunen.

## **Skule**

- Redusera klassedelingstalet i skulane til 25, arbeida for å redusera til 22.
- Gjeninnføra søskenmoderasjon i skulefritidsordninga, og ha ein prisstruktur som gjer tilbodet tilgjengeleg for flest mogeleg.
- Det skal vere tak over sykkelparkeringane ved barne- og ungdomsskulane på Stord.
- Gje skulane større fridom til sjølv å velja om dei vil gje lekser basert på ein pedagogisk tilnærming, i samråd med FAU/SU, elevar og tilsette. Oppmoda til mindre bruk av heimelekser.
- Støtta opp om Ungt Entreprenørskap og UngTekno i Stord-skulen.
- Sørgja for at born og unge får meir opplæring om lokalsamfunnet gjennom skule og barnehage.
- Sikra drift av skulehelsetenesta og helgestasjon for ungdom, for å ta ungdoms psykiske helse på alvor.

---

## Klima, miljø og berekraft

---

- Kommunen skal vere ein ambassadør for det grøne skiftet i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet.
  - Kommunen skal bruka si innkjøpsmakt til å velja berekraftige varer og tenester.
  - Kommuneplanen skal ha ambisiøse mål på klima og miljø, som skal følgjast. Det skal utarbeidast eit klimaregnskap til årsbudsjettet, med ein klimahandlingsplan som viser korleis me når våre utsleppsmål.
  - Redusera energiforbruket i kommunale bygg og byggeprosjekt. Nye kommunale bygg skal nytta fornybar energi.
  - Arbeida med haldningar og kunnskap for å førebyggja forureining i nærmiljøet.
  - Aktiv bidragsytar til plastinnsamling og arbeidet mot forsøpling. Bruka kommunen sin påverknad inn i SIM til å ivareta gode ordningar for dette.
  - Nye kunstgrasbanar skal vere utan forureinande plastgranulat.
  - Smakfull, kortreist og berekraftig mattilbod i kommunen sine institusjonar.
  - Samarbeida med landbruket og grunneigarane om god naturforvaltning og god ivaretakelse av kulturlandskap.
- 
- Få på plass ei ordning med utleige av el-syklar i kommunen.
  - Halda fram med å elektrifisera bilparken i kommunen, ved å legga til rette for fleire ladestasjonar.
  - Etablira ein Folkeverkstad, etter modell frå BUA, med gratis utleige av verktøy og utstyr i tillegg til tilgjengeleg verkstad/sløyd-område.
- 
- Vidareutvikla Sykkelen Stord og Stord som gangbar tettstad.
  - Oppmoda fleire butikkar og kafear om å ikkje hiva datostempla mat.
  - Redusert vegetasjon på Hystadøyene for å tilrettelegga for hekkande sjøfugl og friluftsliv.
  - Dyrevelferd og dyras beste skal verdsetjast og prioriterast i alle saker der dyr er involvert.
  - Kommunen skal ta objektive og praktiske val for å sikra insektsmangfald.
  - Støtta hundeklubbane i arbeidet med å etablira ein hundepark.
  - Visa varsemd med lysforureining ved utplassering av lyssetting.
  - Leggja til rette for meir beitande sau i fjellet.
- 
- Kommunen skal verdsette og anerkjenna dugnadsarbeid.
  - Fyrverkerisal vert erstatta med kommunalt fyrverkeri.
  - Kommuen skal vere ein økonomisk støttespelar inn mot frivillige lag og organisasjonar.
  - Vere pådrivar for havvind-satsing saman med industrien på Stord.
  - Skåna naturen i Stordafjellet for bygging av nye vindkraftanlegg.

---

## Samferdsle, nærings- og byutvikling

---

- Kommunen skal gje tilbod om råd til alle gründerar og entreprenørar som ønskjer å starta ny verksemd i kommunen. Me skal vere optimistar til nyetableringar og oppmoda folk om å ha tru på ideane sine.
  - Stord som regionsenter i Sunnhordland skal forvalta og stø opp om regionfunksjonane som ligg her, og vere tydeleg på dette ansvaret me har på vegne av regionen.
  - Arbeida for kommunesamanslåing med og rundt Stord.
  - Erstattar noko av busstilboden med bestillingbuss, som eit meir tilgjengeleg, nyttig og fleksibel kollektivtilbod.
  - Arbeida for betre kollektivtilbod i Stord og Sunnhordland, med betre og meir påliteleg korrespondanse og reduserte utslepp.
  - Etablira gang- og sykkelsti langs Litlabøvegen, Skyttarhaugsvegen m.fl.
  - E39 skal ikkje gå gjennom Landåsen, men ein må velja alternativet som går omrent på dagens trasé.
  - Arbeida for sørleg kryssing av Languenen.
  - Eventuelt nytt ferjesamband mellom Stord og Kvinnherad må ta omsyn til langsiktig bruk og LNF-verdiar.
  - Vidareutvikla Sykkelenbyen Stord og Stord som gangbar tettstad.
  - Ein eventuell underjordisk parkeringsanlegg skal ikkje ha inn- og utkøyring i innerste sentrumskjerna/hamna. Og må bidra til å frigjera mest mogeleg overflata i Leirvik.
  - Fleire lokale næringsområde i bydelane.
  - Støtta opp om busetjing og næringsutvikling på Huglo, og vere fleksible for å sikra at fleire kan etablira seg der.
  - Ivarete 100-meters skogar og naturlege skiljer mellom gammal og ny busetnad.
  - Bustadsfelt og tomter i kommunedelplanen fordelt i ulike bydelar for å ivareta sunn og fornuftig busetjing fordelt i kommunen.
  - Utarbeida ein næringsplan for å styrka kommunens attraktivitet for nye arbeidsplassar og etableringar.
  - Støtta opp om lokal matproduksjon.
- 
- Arbeida for at studentar som studerar ved Høgskulen vel å folkeregistrera seg medan dei studerar her.
  - Studentar som bur her skal vere inkludert og invitert til å delta i lokalsamfunnet.
  - Vere pådrivar og støttespelar i arbeidet med å etablira Stord Folkehøgskule.
  - Utvida utandørsserveringa frå 00:00 til 01:00.
  - Jobba for at fleire engasjerar seg i frivillig arbeid, i samspel med lag og organisasjonar.
  - Alle innbyggjarar skal få fibertilgang.

---

## Kultur- og idrettstilbod

---

- Stord skal vere byen for fantastisk fritid. Det skal vere eit mangfald av tilbod og anlegg til lag og organisasjonar, offentleg, frivillige, eller eigenorganiserte. Venstre si kommunegruppe vil vera aktiv støttespelar til eit mangfald av tilbod og til entusiastar som vil skapa ein fritidsaktivitet for seg sjølv og andre.
- Alle innflyttarar til Stord Kommune skal bli møtt med ein velkomst til kommunen og bli informert om lag og organisasjonar, og invitert til å delta i det rike kultur- og idrettstilbodet.
- Aktivt støtta opp om arrangement i Stord-samfunnet og vere på tilbodssida og samarbeidspartnar for at desse skal bli bra. (Handballfestivalen, Puttefestivalen, Eat Move Sleep, 100 dagar, Vervadagane, Fest i Vest og mange fleire).
- Skapa fleire sosiale møteplassar ute i fri natur.
- Vaksne og born skal ha tilgang på eit mangfald av tilbod uavhengig av økonomi, mellom anna gjennom BUA og fritidskort.
- Samarbeida med det lokale næringslivet og lag og organisasjonar rundt kultur- og idrettsarrangement i kommunen.
- Satsa på Frivilligentralen og folkehelsekoordinator som ei kjelde til fritidstilbod, aktivitet og engasjement i kommunen.
- Arbeida for å utvikla Skeisebanen til Ishall.
- Jobba for å etablera sanitæranlegg i tilknyting til turvegen og motorsport-anlegget i Hustredalen.
- Støtta sykleklubben i arbeidet med å etablera Stord som regionsenter for sykkel i region vest.
- Vidareføra godt samarbeid mellom kommune, sykleklubben og sykkelsby-prosjektet.
- Stord kommune må vere inspirator for venelag og laug som arbeidar for lokale prosjekt.
- Positiv i møte med idear om fleire kjekke aktivitetar i kommunen.
- Kommunen skal vere proaktiv til å vidareutvikla museumstilboda i kommunen gjennom Sunnhordland Museum, t.d. Gruvene på Litlabø, Stord Maritime Museum, Leirvik Fyr og Verven på Jensaneset. Det skal vere eit mangfaldig tilbod i kommunen.
- Folkebiblioteket vert lagt nærmere sentrumskjerna med lesesal og kafétilbod.
- Støttar venskapsbyen-prosjektet med Comalapa
- Vidareutvikla og styrka Stord som nynorskholvudstad.
- Arbeida for at Festspillene i Bergen etablerar satellittframsyning på Stord (Gruvene, Vidsteenparken el.l.)
- Etablera 100 nye elevplassar i Kulturskulen.

---

## Folkehelsa og Friluftsliv

---

- Kommunen skal vere pådrivar og ambassadør for vaksinering og barnevaksinasjonsprogrammet
  - Folkehelsekoordinator i full stilling.
  - Styrka folkehelsearbeid inn mot born og unge.
  - Støtta opp om og vere medarrangør til Folkehelsedagane - Folk i Sentrum med Sunnhordland Maraton som eit årleg arrangement.
  - Arbeida for å bistå til gode livsstilsvaner i tidleg alder.
  - Støtta opp og vidareføra SLT-koordinator, utekontakten og politiet sitt førebyggjande team.
- 
- Støtta opparbeidinga av fleire turvegar i Stordsamfunnet. Til dømes få på plass rundløypa rundt Storavatnet.
  - Knytta turvegnettet til sentrum.
  - Betre tilkomst til Heio og Stordafjellet.
  - Re-establera dei kommunale delane av Hystadøyane som attraktivt frilufts- og rekreasjonsområde.
  - Skapa fleire sosiale møteplassar ute i fri natur.
  - Friluftsliv skal vere eit godt brukt verktøy i integreringsarbeidet.
  - Vere ambassadør for berekraftig friluftsliv
  - Kopla generasjonar saman i arbeidet med å glede seg over friluftslivet.

---

## Rehabilitering og omsorg

---

- Fagdagar skal inkluderast i turnus for å auka kunnskap og kompetanse.
- Etablira ein vikarpool for sjukepleiarar i kommunen.
- Ta i bruk fleire av sjukeheimspllassane.
- Kombinera tilbod til eldre med tenester for andre grupper, born og studentar.
- Styrka satsinga «Sjef i eige liv», kor retten til å avgjera eigen kvardag er grunnleggande.
- Førebyggjing og rehabilitering skal prioriterast.
- Ha som mål at flest mogeleg skal kunna bu heime så lenge dei ønskjer og kan.
- Ivareta god kvalitet på maten som vert servert.
- Ha meir utstyr tilgjengeleg på institusjonane for å sikra at dei tilsette kjenner seg tryggast mogeleg på å kunna gje forsvarleg behandling.
- Ivareta brukarmedverknad og god informasjonsflyt i kommunen.
- Oppretthalda tilboda til rusavhengige i kommunen - Maris, Kirkens Bymisjon, og Hamna kontaktsenter
- Støtta opp om rusførebyggjande arbeid. Rusavhengige skal få hjelp og ikkje straff.
- Meir tverrfagleg arbeid innan rus og psykisk helsearbeid.
- Utvida tilbodet med kommunepsykolog, som eit lågterskeltilbod.

---

## Administrasjon, leiing og økonomi

---

- Venstre skal styrka plankapasiteten for å koma i forkant med utviklinga av Stord og det kommunale planverket.
- Folk skal vere trygge på at dei har reint drikkevatn i springen.
- Drifta av kommunen skal tuftast på sunn økonomisk styring med eit fornuftig overskot.
- Kommunen skal respektera og bygga på «trepartssamarbeidet», og stø opp om dette i Stordsamfunnet.
- Redusera andelen ufrivillig deltidsarbeid og arbeida målretta for føreseielege arbeidsforhold.
- Tilretteleggja for fleire varig tilrettelagte arbeidsplassar.
- Sæbø gard skal ha kommunen si fulle støtte for vidare drift, me vil vera pådrivar for å vidareutvikla tilbodet til beste for brukarane
- Oppmoda og informera tilsette i kommunen som ønskjer å etter- og vidareutdanna seg.
- Kommunen skal sjølv benytta seg av lærlingar, og oppmoda verksemder i Stordsamfunnet om å vere lærlingebedrifter.
- Redusera lånegjelda.
- Kommunen må vere økonomisk budd for endringar i rentenivået.
- Arbeida for redusert eigedomsskatt.
- Det skal innførast eit gjeldstak, framtidige investeringar og satsingar må haldast innanfor dette gjeldstaket for å trygga kommunens langsigktige velferdstilbod.
- Avgifter i Stord kommune skal vera på eit konkurransedyktig og fornuftig nivå.